Nordherad -
Opplands utvalde kulturlandskap

Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad.
Vågå kommune, Oppland.
Forprosjekt 2017-2018.



Høyonn i Nordherad. Vågå historielag sitt fotoarkiv. Eigar: Jon Mork.

Kjersti Tidemansen

Gudbrandsdalsmusea

Innhald

Innhald 2

1. Bakgrunn 4

2. Forprosjektet «Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad». Mål, deltakarar og forankring 5

2.1 Mål 5

2.2 Deltakarar 5

2.3 Forankring av prosjektet 5

3.Område 6

4.Kartlegging og anna forprosjektarbeid 2017-2018 7

4.1 Kartlegging og vurdering av skilting, tilrettelegging og formidling i Nordherad 7

4.2 Kartlegginga i terrenget – metode og gjennomføring 8

4.3 Arbeid med oversikt over kunnskapen om Nordherad 9

5. Resultat av kartlegging. Skilting og tilrettelegging i Nordherad pr. hausten 2017. 10

5.1 Skilttypar 10

5.1.1 «Nordheradsskiltet» 10

5.1.2 Skilting ved Ulvestigen 13

5.1.3 Anna skilting og kombinerte skilt 15

5.1.4 Informasjonstavler 16

5.1.5 Informasjonstavler med anna utforming 19

5.1.6 Anna turstigmerking 21

5.1.8 Tilrettelegging for bruk av stigane 23

5.2 Vurdering av stigane 24

5.2.1 Hovudstig – kulturstigen Ulvestigen 26

5.2.2 Hovudstig – Langruta 28

6. Kunnskap om Nordherad og formidling i kulturlandskapet 29

6.1 Temaer på informasjonstavlene i den eksisterande skiltinga 29

6.2 Tre kjerneområde for formidlinga av Nordherad. Nokre vurderingar av formidlingspotensialet av kunnskapen om Nordherad ved turstigane. 31

6.2.1 Innmark og storgardar - området (Ullinsvin, Jutulporten) Kvarberg/Lye – Senda/Sandnes 32

6.2.2 Inn i utmarka - området vest for elva Senda – Sveum (dels innanfor Nordherad bygdeallmenning). 38

6.2.3 I kongen sin skog – området Grovi/Sveum – Trælvikje (Nordherad stats- 41

allmenning) 41

6.2.4 Betre tilrettelegging i Nedre Nordherad 45
6.2.5 Naturverdiar i kulturlandskapet Nordherad 48
7. Vidare arbeid for heilskapleg formidling av Nordherad. Forslag og tilrådingar. 48
7.1 Bodskapen – kva er kulturlandskapet Nordherad? 48
7.1.1 Arbeid ut frå bodskapen 48
7.2 Mengde skilt og merking. Attkjennbar symbol- og fargebruk 49
7.3 Målgrupper 49
7.4 Skilttekster 49
7.4.1 Personlege forteljingar 49
7.5 Tilgjengelegheit til kulturminne og turstigar. 50
7.4 Tiltak ved gravhaugen på Valbjør. Opprydding i kulturlandskapet. 52
7.5 Forslag til idear om formidling av Nordherad 52
8. Konklusjon og samanfatning 53
Vedlegg 54
Litteraturliste 55
Digitale ressursar 56
Andre kjelder 57

1. Bakgrunn

Nordherad er eitt av 22 utvalde kulturlandskap i jordbruket i Noreg, ein status området har hatt sidan 2009 (Fylkesmannen i Oppland 2014). Nordherad har vore eitt av dei prioriterte områda i Oppland sidan arbeidet med kulturlandskapa og nasjonal registrering starta opp på 1990-talet (Utvalget 1994:1-109; Hage 2004:7).

Utvalde kulturlandskap er vald ut fordi dei representerer område med viktige bidrag til miljøverdiane i jordbruket, inkludert biologisk mangfald og kulturminne. Områda er godt ivaretekne jordbrukslandskap med få moderne inngrep og påverknad. Dei er eit eksklusivt utval som skal fungere som nasjonale referanseområde og utstillingsvindauger. Forvaltning og skjøtsel i områda er basert på friviljugheit, og det er faglege verdiar og moglegheiter for langsiktig skjøtsel til stades (Statens landbruksforvaltning (SL), Direktoratet for naturforvaltning (DN), Riksantikvaren (RA) 2008:1-24). Kulturlandskapsverdiane blir ivareteke gjennom landbruksdrifta. Øremerka middel i jordbruksavtalen og budsjettet til Klima – og miljødepartementet er satt av til investeringstiltak, skjøtsel og vedlikehald (Fylkesmannen i Oppland 2014).

I Nordherad er det stor friviljug innsats for kulturlandskapet gjennom den grunneigarstyrte arbeidsgruppa Nordheradsprosjektet. Dei arbeider på dugnad for å ivareta kulturlandskapet, skape utvikling og trivselstiltak i grenda. Arbeidsgruppa er bindeledd til forvaltningsorgana (SL, DN, RA 2008:23-24). Nordheradsprosjektet har i 2017 søkt Riksantikvaren om middel til å styrke verdiskapinga på kulturminneområdet (Nordheradsprosjektet 2017). Riksantikvaren imøtekom søknaden same år (Riksantikvaren 2017).

Nordherad har i lang tid vore eit populært turområde lokalt, og det er lagt ned stor friviljug innsats for å merke, tilrettelegge og formidle området til turgåarar. Dei store verdiane i biologisk mangfald, kulturminne og moglegheiter til opplevingar har potensial til å spissast mot eit større publikum og ei breiare formidling av kulturlandskapet.

Nordherad fekk den nasjonale kulturlandskapsprisen i 2009.



Tre freda driftsbygningar på Nordgard Viste i 1967. Bygningen til venstre for vegen er eldhuset frå 1800-talet. Bygningane til høgre for eldhuset er bekkjekvern og tørrstugu frå 1700-talet. Foto: Jan Anderssen. Eigar: Riksantikvaren.

2. Forprosjektet «Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad». Mål, deltakarar og forankring

2.1 Mål

Nordheradsprosjektet har i søknaden sin om tilskot til verdiskaping på kulturminneområdet til Riksantikvaren i 2017 definert eit hovudmål for prosjektet «Heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad»:

«*Prosjektet skal gi et fundament for å tilrettelegge kulturlandskapet i Nordherad som et besøksmål med nasjonal verdi basert på en helhetlig formidling av kulturarven».*

Det er definert tre delmål for forprosjektet:

1. *«Dokumentere og vurdere status for kunnskap om kulturminner i området samt tidligere gjennomførte tiltak for formidling og tilrettelegging av kulturarven i det nasjonalt utvalgte kulturlandskapet Nordherad».*
2. *«Utrede hvor det mangler kunnskap og hvordan supplerende registrering og digitalisering av informasjon om kulturarven i området kan gjennomføres».*
3. *«Gi tilrådinger om prinsipper for framtidig tilrettelegging/skilting og om digitale og andre kanaler for formidling av områdets kulturhistorie».*

2.2 Deltakarar


Gudbrandsdalsmusea er prosjektleiar og utfører på veigne av prosjekteigar Nordheradsprosjektet forprosjektet i 2017-2018. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Nordheradsprosjektet og Vågå historielag. I styringsgruppa sit også representantar frå Fylkesmannen i Oppland, Kulturarv i Oppland fylkeskommune og Vågå kommune.

2.3 Forankring av prosjektet

Prosjektet er forankra i dokumenta:

- *Forvaltningsplan for Nordherad - utvald kulturlandskap i jordbruket* (Fylkesmannen i Oppland 2016).
- *Regional planstrategi 20116 – 2020 – Mulighetenes Oppland i ei grønn framtid* (Oppland fylkeskommune 2016).
- *Kulturarvstrategi for Oppland 2015 – 2020* (Oppland fylkeskommune 2015).

3.Område



Kart over Nordherad som viser områdeavgrensinga til Utvald kulturlandskap i jordbruket. Ein del av turstigane og skiltinga i området går utanfor denne avgrensinga. Kartet er produsert av Oppland fylkeskommune, og henta frå nettstaden til Fylkesmannen i Oppland (2014).

Nordherad er ei grend nord for Vågåvatnet og vest i Vågå kommune. Det er i hovudsak jamnt spreidd gardsbusetnad over heile grenda, og enkelte boligar innimellom gardsbusetnaden. Kjerneområdet for den førhistoriske og historiske gardsbusetnaden er truleg aust og midt i området, sett ut frå beliggenheita til dei største og truleg eldste gardane i grenda og kjende arkeologiske kulturminne. Vestover finn ein mindre gardar, og ei meir marginal busetting kjend frå nyare historiske periodar. I aust er grenda avgrensa av det bratte Prestberget og den kjende naturformasjonen Jutulporten mot det sentrale området ved sundstaden og innsmalninga av Vågåvatnet – dagens sentrum i Vågåmo. Eit viktig og karakteristisk trekk ved busettinga i Nordherad er delinga i to «etasjar» mellom øvre og nedre Nordherad. På langs og på midten gjennom store delar av grenda er det bratte berg og lier som har vore med på å strukturere busettinga på denne måten. Fleire gardar i nedre Nordherad ligg nokså nær Vågåvatnet.

Bruken av området strekkjer seg frå Vågåvatnet til høgfjellet nord for busettingsområdet, og også over fjellet/skogsområde til setrer i Nordheringslia mot Finndalen og til utmarksområda på sørsida av Vågåvatnet (Teigum 2001:248). I det tørre klimaet har ein henta vatnarvatnet til jordbruket i fjellet nordanfor grenda og i elvene som kjem frå fjellet og ned i bygda.

I fjellet nord for Nordherad ligg ein del av Ottadalen landskapsvernområde, randsona til Reinheimen nasjonalpark. Innanfor kulturlandskapet finn ein naturreservata Vistehorten og Sandehorten, og Nordherad bygdeallmenning og Nordherad statsallmenning vest i området.

Turstigane strekkjer seg gjennom heile landskapet, og utover det avgrensa kulturlandskapsområdet mot den gamle prestegarden Ullinsvin i aust og mot Trælvikje ved Lom kommune si grense i vest. Hovudvekta av turstigane går gjennom beite – og skogsområde nord, vest og aust i grenda.



«Etasjebusettinga» i Nordherad. Vistegardane i nedre del av grenda til høgre i biletet. Utsikt vestover. Nordheradsprosjektet. Vågå historielag sitt fotoarkiv.

4.Kartlegging og anna forprosjektarbeid 2017-2018

4.1 Kartlegging og vurdering av skilting, tilrettelegging og formidling i Nordherad

I forprosjektet er det altså prioritert å kartlegge den eksisterande formidlinga, skiltinga og tilrettelegginga i Nordherad. Dette gjev eit grunnlag for å vurdere det som kan forbetrast og oppdaterast både gjennom den fysiske tilrettelegginga i terrenget, og gjennom kunnskapen ein har om Nordherad og som ein ynskjer å formidle. Vidare gjev det eit grunnlag for å byggje vidare på det solide grunnlaget som er lagt for bruk av turstigar, skilting og formidling i området.

Vurderinga av skilting og tilrettelegging blir gjort i samarbeid med grafisk formgjevar Morten Løwe i Løwehjerte Design i Vågå, som hjelp oss med å utarbeide forslag og tilrådingar for framtidig skilting i landskapet og å sjå på andre løysingar for formidling av området, til dømes digitale

løysingar. Ein bør ta i bruk den grafiske profilen for Utvalde kulturlandskap i jordbruket, og Løwe gjer vurderingar av korleis dette kan gjerast i Nordherad.

Det blir dermed utarbeidd to delrapportar på denne delen av for forprosjektet. Ein med hovudvekt på kartlegginga av skilt og tilrettelegging og vurdering av kunnskapen om Nordherad kobla opp mot formidlinga (denne rapporten). Morten Løwe utarbeider ein rapport med hovudvekt på vurderingar av den grafiske profilen til Utvalde kulturlandskap i jordbruket, skilttypar og vurderingar av tilrettelegging for besøkjande i Nordherad og kostnadar ved dette.

4.2 Kartlegginga i terrenget – metode og gjennomføring

Kartlegginga av skilt og tilrettelegging er gjennomført ute i terrenget, og skilt, anna merking og tilrettelegging er dokumentert med foto og notatar. Innmålingane er gjort med handhalde GPS (UTM sone 33 og feilmargin i hovudsak på +/- 3 meter). Alle skilt er målt inn og i hovudsak fotografert, men det finst ein del like typar skilt med likt innhald der det ikkje var hensiktsmessig å fotografere kvart einkelt skilt. Der det har vore tett mellom mindre turstigmerking i form av målingsmerke på steinar, berg, trestammar, merking med band knytt rundt trestammar eller greiner og merking med låge, raudmåla trestikker er det ikkje gjort innmåling av alle desse men teke innmålingar med jamne mellomrom.

Kartlegginga var gjennomført i perioden 3. oktober til 18. november 2017, og feltarbeidet vart utført på 88 timar. På grunn av at kartlegginga skulle gjennomførast om seinhausten og området som skulle dekkjast er relativt stort, vart det vektlagt å gjennomføre kartlegginga på mest mogleg effektivt måte med enkel dokumentasjon. Omfanget av skilt, merking og tilrettelegging skulle vise seg å ha nokså stort omfang, og i alt er det målt inn ca. 530 GPS-punkt.

Dei siste dagane av feltarbeidet i november verka snøvær og snøføre inn på sikt, og synlegheita til turstigane og den mindre merkinga (målingsmerke, låge trestikker).

Kartlegginga av skilt og tilrettelegging i Nordherad har teke utgangspunkt i turkartet utarbeidd for området, vist under. Det er gått over alle turstigane vist med raude stipla liner, med nokre få unntak. I tillegg er det gått over kulturstigen, Ulvestigen, vist med heiltrekt raud line i kartet. Eit meir detaljert kart over Ulvestigen finst nedanfor.


Dei umerka stigane, vist med svarte stipla liner, er ikkje prioritert gått over. Dette er med unntak av stigen mellom Søre Nistingen og Nordre Nistingen, som vart gått som ein del av ei lengre runde. Turstigane mellom startpunkt 16. Petterflate og startpunkt 18. Labbestein, og turstigstubben frå startpunkt 19. Ulsand som møter denne, vart ikkje funne og dermed ikkje gått over. Terrenget er svært bratt, og det vart ikkje funne noko merking å gå etter. Turstigen som er merka frå Søre Nistingen og som møter kulturstigen mellom Ulsbustugu og Aabakksøygarden vart nedprioritert på grunn av tid. Skiltet på startpunkt 23. Nebbeneset etter turkartet vart ikkje funne. Ei informasjonstavle og rasteplass i Nedre Nordherad vart oversett under kartlegginga, men er teke med i dokumentasjonen i etterkant.

Det er også gått over ei nyare turrute, «Langruta» mellom Ullinsvin i aust og Trælvikje i vest. Denne er ikkje avmerka på turkartet, men er merka i terrenget. Den fylgjer i hovudsak mange av dei sentale stigane gjennom kulturlandskapet. Sjå kart over ruta nedanfor.

Det er innhenta informasjon om skiltinga i Nordherad av stiggruppa i Nordheradsprosjektet ved Bjørg Schultz.



Fotografering av skilt i haustsola. Foto: Kjersti Tidemansen.



Turkart over Nordherad med oversikt over turstigar, startpunkt og kulturstigen har vore grunnlag for kartlegginga av skilt og tilrettelegging. Henta frå nettstaden til Nordheradsprosjektet, www.nordherad.no

4.3 Arbeid med oversikt over kunnskapen om Nordherad

Det er gjort ein del arbeid og skrive ein del om Nordherad over fleire år, både av vitskapleg og populærvitskapleg art. Særskild er det ein del rapportar som omhandlar det biologiske mangfaldet og ivaretakinga av dette. Desse arbeida, og litteratur elles om Nordherad, har ikkje vore samanfatta

på nokon måte og det ligg ikkje føre heilskaplege oversikter over kunnskapen om Nordherad. Det har difor vore viktig å samle ei oversikt over denne litteraturen i ein bibliografi vedlagt i denne rapporten for å betre kunne vurdere korleis Nordherad blir formidla gjennom informasjon på skilta og kva som eventuelt kan gjerast betre/annleis i formidlinga av kulturlandskapet. Det er også teke med noko generell oversiktslitteratur som er relevant i forståinga av Nordherad, og til eventuell bruk i formidlinga. Lista er på ingen måte fullstendig, men den er eit grunnlag.

Industriregistrator i Gudbrandsdalsmusea, Kjell Voldheim, har også samla ei oversikt over dei mange bergverka i Nordherad, basert på tidlegare registreringar. Det er ikkje utført nye registreringar (Voldheim 2017). Rapporten ligg som vedlegg til denne rapporten.

5. Resultat av kartlegging. Skilting og tilrettelegging i Nordherad pr. hausten 2017.

I alt er det altså dokumentert ca. 530 skilt, merking og tilrettelegging i Nordherad. Innanfor området finn ein fleire skilttypar, og ein kombinasjonsbruk av to typar turstigmerking. Det er ei hovudtype skilt for vegvisarar, stiginfo og startpunkt for stigar. Det er også ei hovudtype infotavler. Det er eit lite antal særeigne skilt. Hovuddelen av skilta, vegvisarar, stiginfo og informasjonstavler, er skilta til stiggruppa i Nordheradsprosjektet. Eit mindre antal skilt/merking er satt opp av andre aktørar/privatpersonar (Bjørg Schultz pers. med.).

Turstigmerkinga, som er mindre og enklare merke som viser kvar stigen går, finst det tre hovudtypar av og nokre andre i eit mindre antal. Det finst ellers tilrettelegging som gangbruer, trapper over gjerder, toalett, parkeringsplassar, bord og benkar.

Meir detaljerte opplysningar om kvart skilt, merking eller tilrettelegging finst i tabellen i vedleggsdelen. I det fylgjande blir det gjeve kortare og meir generelle skildringar. Det er ikkje teke med foto over alle skilta i rapporten, men dei er lagra og nummerert digitalt.

5.1 Skilttypar

5.1.1 «Nordheradsskiltet»

Det er ei hovudtype skilt som er brukt gjennomgåande ved turstigane i Nordherad, og det er stiggruppa i Nordheradsprosjektet sine skilt (Stiggruppa v/Bjørg Schultz, pers. med.). Dei er enkelt utforma treskilt produsert av Hans Mork (ibid.) med heilskapleg bruk av attkjennbare symbol som retningspiler og vandrande strekfigurar og også skiløparfigur ved nokre turstigar som går etter ljosløyper nord i grenda.

På mange av skilta er det også noko som liknar eit lauv, og det blir her kalla lauvsymbolet. Kva for betydning dette symbolet har, har ein ikkje klart å finne klare svar på. Men det kan vere eit eldre profileringssymbol i samband med helse og idrett og turstigmerking i Vågå kommune (ibid.).



Bilete med døme på det lauvliknande symbol, heretter kalla lauvsymbol i denne rapporten. Symbolet er brukt på mange av skilta i Nordherad. Betydninga er usikker, men kan vere eit eldre profileringssymbol knytt til helse og idrett i kommunen. Foto: Kjersti Tidemansen.



Døme på skilt som viser vandrande strekfigurar, skiløpar, retningspiler og lauvsymbol ved startpunkt 8 Valbjør. GPS-nummer 8 i tabellen, område 3 i kart i vedleggsdelen. Foto: Kjersti Tidemansen.

Nordheradsskilta er i enklaste form bestående av ei horisontal skiltfjøl festa på ein stolpe. Skilttypa er fleksibel ved at ein kan legge til skiltfjøler og byggje saman skilt, og vende retninga på skilt etter retninga skiltfjølene skal vise til. Det krev ikkje mykje å produsere skilta, og dei er lette å skifte ut. Materialet av tre og den enkle utforminga gjer at dei passar inn i landskapet. Det er dokumentert 164 skilt av denne varianten i Nordherad.



Startpunkt 5 Resvold refererer til turkartet for Nordherad, og startpunkta innteikna der. Foto: Kjersti Tidemansen.

Innhaldet på desse skilta varierer mellom enkle vegvisarar med vandrande strekfigurar og retningspiler, stiginfo (kvar ein er på stigen eller retninga ein skal gå) med namn og eventuelle symbol som vandrande strekfigurar, retningspiler og lauvsymbol. Fargebruken varierer mellom svart og raud skrift. Raud skrift blir brukt der skilta markerer namnet på staden ein står på, slik som på startpunkt.



Startpunkt 6 Skogvang, og vegvisarar til Valbjør, Visdal, Resvold og Bronsdalen. Foto nummer 47 til GPS-nummer 275 i oversikta i den vedlagte tabellen over skilta. Foto: Kjersti Tidemansen.



Døme på skilting med «Nordheradsskiltet». Skiltet er praktisk og fleksibelt, og kan varierast. Desse fotoa er nr. 36, 379, 363, 13 og høyrer til GPS-nummera 244, 4, 468, 40 i tabelloversikta i vedlegget. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.1.2 Skilting ved Ulvestigen

Det er brukt same type skilt som dei som er nemnt ovanfor, men markeringa av Ulvestigen skiljer seg frå dei vanlege retningspilene ved at dei er fylt med raud farge.







Døme på skilting ved Ulvestigen med den raude retningspila (Fotonummer 97, 106 og 142 til GPS-nummer 115, 124 og 198 i tabelloversikta i vedleggsdelen). Foto: Kjersti Tidemansen.

Tidlegare var pilene til Ulvestigen gule, men etter ynskje frå Nasjonalparkriket vart farga endra til raud for å passe betre med deira profil (Stiggruppa i Nordheradsprosjektet v/Bjørg Schultz pers. med.). Det er Nasjonalparkriket sitt design som er brukt på informasjonstavlene langs Ulvestigen, sjå nedanfor.



Ein vegvisar ved Ulvestigen som fortsatt har gul farge på eine pila. Foto nr. 130, GPS-punkt nr. 209 i tabell og kart (område 4). Foto: Kjersti Tidemansen.

5.1.3 Anna skilting og kombinerte skilt

Det finst nokre andre typar skilt satt opp innimellom i området, men mest i utkantane av Nordherad. Ved Ullinsvin – Jutulporten er det også kombinert bruk av merking for turstigane Nordherad og Munch Vågå. Det er dokumentert 13 slike skilt.











Ulike variantar av skilt som det finst nokre få av i Nordherad/utkantane av Nordherad. Skilting etter nasjonal standard, informasjon om beitedyr og bandtvang, kombinert skilt for turstigen i Nordherad og Munch Vågå-stigen. Parkeringsskilt på parkeringsplassen til Ulvestigen og skilting av Moshuset. Fotonummer 4, 35, 251, 266, 339 til GPS-nummera 26, 75, 113, 88, 460. Foto: Kjersti Tidemansen.

Det kombinerte skiltet med bruk av Nordheradsskilt og Munch Vågå-skilt er satt opp av turistkontoret til dei stigane dei har rydda og skilta. Skiltet til Moshuset er satt opp av privatpersonar (Stiggruppa i Nordheradsprosjektet/ved Bjørg Schultz pers.med.).

5.1.4 Informasjonstavler

Det er dokumentert 28 informasjonstavler. Det er i hovudsak brukt ei type tavle med lik utforming, men dei kan variere i detaljane. Det er firkanta tretavler med tak, festa på to stolpar. Nokre få tavler er til felles bruk, til dømes informasjonstavla ved Ullinsvin.



Felles informasjonstavle ved Ullinsvin. Informasjonstavla ved Jutulporten manglar informasjon. Mange av informasjonstavlene i Nordherad har same utforming og fargebruk som den ved «Krossen». Fotonummer 2, 10 og 58 til GPS-nummera 28, 36 og 14. Foto: Kjersti Tidemansen.



Informasjonstavla ved gardsanlegget id. 101566 (langhustomta). Fotonummer 86 til GPS-nummer 144.Foto: Kjersti Tidemansen.



Informasjonstavla ved starten av Ulvestigen er litt større og annleis utforma enn dei andre tavlene. Fotonummer 100 til GPS-nummer 118. Foto: Kjersti Tidemansen.









Informasjonstavler ved Ulvestigen med Nasjonalparkriket sitt design. Foto-nummer 112 og 160 til GPS-nummera 128 og 193. To tavler med litt annleis fargebruk, og litt andre detaljar på den siste tavla. Fotonummer 353 og 371 til GPS-nummer 239 og 479. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.1.5 Informasjonstavler med anna utforming

Ved parkeringsplassen ved Valbjør og Ulvestigen står to like informasjonstavler i Nasjonalparkriket sitt design. På parkeringsplassen ved Ulvestigen står også ei informasjonstavle til Reinheimen nasjonalpark.





Store, tredelte informasjonstavler ved parkeringsplassen til Ulvestigen, designet til Nasjonalparkriket øvst og designet til Noregs nasjonalparkar nedst. Lik tavle med informasjon om Nasjonalparkriket står også på parkeringsplassen til Valbjør. Fotonummer 243 og 253 til GPS-nummer 114 og 111. Foto: Kjersti Tidemansen.

Ved Storbjørka, ein idyllisk kvileplass under ei gamal bjørk nord for Aabakken, står ei eigen type informasjonstavle. Den er satt opp av privatpersonar (stiggruppa i Nordheradsprosjektet v/Bjørg Schultz pers. med.).





Informasjonstavle og kvilebenk ved Storbjørka. Fotonummer 125 og 123 til GPS-nummer 237. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.1.6 Anna turstigmerking

Turstigmerking er mindre og enklare merking langs stigane, gjerne der stigen er lite synleg, ved stigskilje eller for å markere ei spesifikk rute. Det er ikkje rekna antal på desse, men det er eit stort antal. Hovudtypane i Nordherad ser ut til å vere dei låge, raudmåla stikkene og langrutemerka, satt opp av stiggruppa til Nordheradsprosjektet (Bjørg Schultz pers. med.). Det er også målingsmerke (raudt, blått) på steinar, trestammar med meir og merkeband med gul og blå farge (til Langruta) og raude band knytt rundt greiner og trestammar.



Låg, raudmåla trestikke. Dette er fotonummer 293, GPS-nummer 402. Foto: Kjersti Tidemansen.



Turstigmerking i form av målingsmerke på steinar, berg, trestammar – blå og raud farge. Fotonummer 39 og 16, GPS-nummer 250 og 45. Foto: Kjersti Tidemansen.





Langrutemerkinga – trestikker med blå «N» (retning vest) og gul «N» (retning aust). Fotonummer 280 og 173, GPS-nummer 344 og 99. Foto: Kjersti Tidemansen.



Raudt merkeband og gult og blått merkeband knytt til greiner. Fotonummer 310 og 358, GPS-nummer 391 og 503. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.1.8 Tilrettelegging for bruk av stigane

Det er fem parkeringsplassar ein kan nytte i samband med turstigane i Nordherad. Det er ved Ullinsvin, ved Valbjør, ved starten av Ulvestigen og ved Midtli grendahus. I nedre Nordherad er det ei parkeringsmoglegheit på Vanglandet (sjå turkartet for Nordherad), men den er litt perifer i forhold til turstigane. I nedre Nordherad er det nå opparbeidd ny parkeringsplass og rasteplass ved Grev og nær Vågåvatnet.

Totalt er det dokumentert elleve rasteplassar/kvileplassar med bord og benkar eller benkar. Bord og benkar er i tre. Ein stad er det også utplassert ei bålpanne (Klevahaugen).

Toalett finst på det restaurerte allmenningsbruket Flåten vest ved Langruta, og ved parkeringsplassen til Ulvestigen. Toaletta er ikkje merka (?). Aust i grenda og i nedre Nordherad er det ikkje tilrettelagt med toalett.

Det er viktig at parkeringsplassar og toalett er tilgjengelege og heng saman med dei mest brukte og sentrale stigane.

Over større bekkar og over elver er det bygd gangbruer i tre på turstigane. Det er i alt sett ti gangbruer langs turstigane i Nordherad under kartlegginga. Bruene såg ut til å vere i god stand, og dei treng sjølvsagt jamnleg ettersyn og vedlikehald.

Der turstigane kryssar gjerder er det oftast satt opp trapper eller stigar over gjerdet. Det er sett 16 trapper under kartlegginga. Trappene er av tre, og laga av stiggruppa i Nordheradsprosjektet. Dei krev mykje vedlikehald (stiggruppa i Nordheradsprosjektet v/Bjørg Schultz pers. med.).



Døme på tilrettelegging. Trapp GPS-punkt 67 i område 1 i tabell og kart i vedleggsdelen. Bru over Dipra GPS-punkt 97 i område 5 i tabell og kart. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.2 Vurdering av stigane

Turstigane i Nordherad fylgjer nyare og eldre stigar, gamle ferdselsvegar og til dels skogsvegar og bilvegar. Fleire av dei gamle ferdselsvegane er ei oppleving! Særskild dei relativt godt bevarte vegane sørvest i Nordherad.



Turstigen mellom Kleivi og Flåten vest i Nordherad, restaurert i seinare år, går mellom anna gjennom ei stor steinur. Steinen ser i hovudsak ut til å vere kvartsitt, eit råstoff som var mykje brukt til våpen og reiskap i steinbrukande tid. Foto: Kjersti Tidemansen.



Fin, rydda stig oppover lia frå Ulsand i nedre Nordherad, startpunkt 19 etter turkartet. Foto: Kjersti Tidemansen.








Turstigen nord for Grevrusten og Kleivi går etter ein forseggjort ferdselsveg, som både har stabbesteinar, klopp og pent mura stikkrenne. Foto: Kjersti Tidemansen.

I hovudsak er stigane i god stand, men generelt bør det vere årleg vedlikehald av vegetasjon – iallfall på dei mest brukte og sentrale stigane og i blautare skogsområde der vegetasjonen kan vekse inn over stigane. Rydde nedfalne tre bør også gjerast på sentrale stigar.

Under kartlegginga er det notert nokre problematiske punkt på stigane som bør utbetrast. Dei nummererte punkta refererer til GPS-punkta i den vedlagte tabellen over kartlagte skilt og nummerering i karta. Ved eventuelle utbetringar på turstigar etter gamle ferdselsvegar gjer ein merksam på at svært få av dei gamle ferdselsvegane i Nordherad er registrerte og vurdert ut frå alder og vernestatus. Stadnamnmaterialet på Norddalsarkivet i Vågå og Kartverket sine historiske kart (sjå bibliografi) kan vere viktige bidrag i eit slikt eventuelt kartleggingsarbeid.

- Ved punkt 3 Kustigen/Likvegen (område 1): Det er ikkje så god stig oppover frå skiltet Kustigen/Likvegen. Bratt og sleipt i regnvær. Smal stig i veldig bratt skråning.
- Ved punkt 148 i skogslia nord for Visdalsgardane (område 3): Stigen er lite synleg. Veldig blautt og tilgrodd terreng. Vanskeleg å orientere seg utan vegvisar.
- Ved punkt 374-375 i bratt li nord for Labbestein (område 9): Stigen er lite synleg, og det er lite merking. Bratt li.
- Ved punkt 373 i skogen sør for Midtli grendahus (område 9): Det er satt opp trådgjerde tvers over stigen. Det er ikkje veldig problematisk, men unødvendig sette opp gjerder på tvers av stigar.
- Ved punkt 504 og 505 i bratt skogsli mellom Valbjør og Viste (område 12): Stigen er lite synleg, og det er veldig uoversiktleg med mykje småskog og velta tre. Ein kunne ikkje sjå noko merking under kartlegginga, men snø og snøføre kan ha verka inn her også under dokumentasjonen.

5.2.1 Hovudstig – kulturstigen Ulvestigen



Kart over kulturstigen Ulvestigen henta frå nettstaden til Nordheradsprosjektet, www.nordherad.no

Ulvestigen går i hovudsak innanfor områda til Nordherad bygdeallmenning og Nordherad statsallmenning (seeiendom.no). Den startar opp ved overgangen mellom innmark og utmark (sett i forhold til dei eldste gardsbruka aust i grenda), og passerer gjennom beiteområde og skogsområde. Stigane går forbi ei rekkje 200 – 300 år gamle bruk med sine innmarker rydda i allmenningane. Eit svært sentralt kulturminne langs stigen er ulvestugu ved Aabakken, som også har gjeve namn til kulturstigen.

Ulvestigen er inndelt i tre runder. Ein lang rundtur mellom startpunktet og om Grevrusten og Kleivi. Ei mellomrunde mellom startpunktet og Einarspranget og Grovdalen og den korte runda mellom startpunktet og Ulsbustugu. Sjølvsagt er det mogleg å starte og avslutte turen frå fleire andre punkt. Turstigane fylgjer stigar i skog- og beiteområde, eldre og nyare setervegar og også bilvegen i Øvre Nordherad. Terrenget er variert og spennande.


Langs med Ulvestigen er det satt opp 17 informasjonstavler i heilskapleg utforming og med plakatar i Nasjonalparkriket sitt design. I tillegg står det store informasjonstavler på parkeringsplassen til Ulvestigen og ved Valbjør med informasjon om Ulvestigen. Informasjonstavlene langs turstigen formidlar forskjellige tema i kulturlandskapet, men informasjonen kan nok spissast mot å formidle betre det karakteristiske og unike for områda. Sjå tabell nedanfor med oversikt over temaene formidla på tavlene.

Kanskje kunne ein også utvida kulturstigen mot aust for å fange opp det eldste jordbruksområdet, og på den måten fått ei meir variert formidling langs stigen og som dermed gjev ei meir heilskapleg formidling av kulturlandskapet i Nordherad. Startpunktet kunne vore det same som i dag, og ein kunne teke med turstigen mot langhustomta frå jarnalder på Uppigard Visdal. Utover dette kunne ein også teke med ei runde bortom gravhaugen på Valbjør via bilvegen eller turstigen ved startpunkt 10 på Nigard Visdal, og i tillegg fått med Vistehorten naturreservat. I eit slikt tilfelle er kanskje ikkje namnet Ulvestigen det som passar best, som kanskje helst peikar mot utmark og villmark.



Informasjonstavle og turkasse ved Ulvestigen på Kveinnhushaugen. På tavla kan ein lese om attgroing av beitemark, eit sentralt tema for kulturlandskapet i Nordherad. Foto 104 og 105 til GPS-punkt 121 i område 4 i tabell og kart i vedleggsdelen. Foto: Kjersti Tidemansen.

5.2.2 Hovudstig – Langruta



Kartet viser ei innteikna rute for Langruta, basert på dei innmålte skilt – og tilretteleggingspunkta.

Langruta går på tvers gjennom heile Nordherad gjennom variert og fin natur. Den fylgjer mange av dei sentrale turstigane inkludert Ulvestigen, og passerer mange sentrale kulturminne. Nokre informasjonstavler er satt opp ved Langruta i tillegg til dei ein treffer på til dømes ved Ulvestigen. Det er spennande stigar med varierande stigning og terreng, frå svært bratt og steinete terreng til slakare terreng. Ein går gjennom opne beiteområde, delvis attgrodde beiteområde, lauvskog og ikkje minst ein vakker «trollskog» med mange gamle furutre i liene mellom Kvarberg i nord og Lye i sør.



Krokete, gamle furutre langs Langruta i skogsliene mellom Kvarberg i nord og Lye i sør. Foto: Kjersti Tidemansen.

Langruta er ein lang tur, og det er pr. nå ikkje lagt opp til ei turrunde med start og slutt på same punkt. Ein er avhengig av å ha bil, sykkel eller moglegheit for skyss i enden av ruta. Langruta kan starte eller ende ved Ullinsvin, og der er det tilrettelagt med parkeringsplass og det er også praktisk med nærleik til sentrum. I andre enden, ved Trælvikje, finst det pr i dag ingen tilrettelegging. Ei lomme på bilvegen gjer at ein kan parkere ein eller nokre få bilar der.

6. Kunnskap om Nordherad og formidling i kulturlandskapet

Mykje kunnskap ligg alt til grunn om Nordherad, sjå bibliografien i vedleggsdelen. Det gjeld å få samla materialet og få oversikt, og ta det i bruk i formidlinga. Samstundes er det viktig å oppdatere kunnskapen, og tette dei kunnskapshola som er nødvendig for å spisse og tydeleggjere bodskapen/informasjonen i formidlinga i området. Formidlinga bør vere heilskapleg og gjennomarbeidd, og det bør ligge føre ein overordna plan for kva som skal formidlast og korleis ein best kan formidle informasjonen til publikum.

6.1 Temaer på informasjonstavlene i den eksisterande skiltinga

Tema	Stad	GPS-nummer
«Gå gjennom Nordherad»	Ullinsvin	28
Manglar informasjon	Jutulporten	36
«Krossen» (tradisjon)	Krossen	14
Manglar informasjon	Langhustomta	144
Turkart over Nordherad	Start Ulvestigen	118
Attgroing av beitemark	Ved Ulvestigen	121
Langhustomt frå folkevandringstid på Visdal	Ved Ulvestigen	128
Storbjørka	Storbjørka	237
Ulvestugu	Ved ulvestugu på Aabakken, Ulvestigen.	214
Ulvsbustugu, vegval Ulvestigen	Ved Ulvsbustugu, Ulvestigen.	199
Granplanting	Ved Ulvestigen	190
Husmannsplassen Rustom	Rustom, Ved Ulvestigen.	192
Vatningsveiter	Ved Ulvestigen	193
Vegval Ulvestigen	Ved Ulvestigen	101
Osp	Ved Ulvestigen	324
Husmannsplassen Tassmyrhaugen og treskjeraren Anders Tassmyrhaugen.	Tassmyrhaugen, Ulvestigen.	317
Husmannsplassane i Kleiven og fjellføraren Knut Vole.	Kleiven, Ulvestigen.	304
Husmannsplassen Grevrusten og andre plassar i omegnen.	Grevrusten, Ulvestigen.	297
Lækja, beinvegen Hellfurubakken og skuleveg.	Lækja, Ulvestigen.	407
Gråorskog	Ved Ulvestigen	410
Husmannsplassen Grovdalen	Grovdalen, Ulvestigen.	104
Husmannsplassen Arnestugu	Arnestugu, Ulvestigen.	81

«Velkommen til Nasjonalparkriket», «Nordherad – ei levande grend», «ulvestugu og Ulvestigen», «tomt frå folkevandringstid» og «Valbjør gard».	P-plass/startpunkt Ulvestigen	114
Reinheimen nasjonalpark, Ottadalen landskapsvernområde. Dyr, plantar, geologi, kulturhistorie, bruksmåtar, hensyn.	P-plass Ulvestigen	111
Beitedyr, bandtvang, varsling.	Ved traktorvegen til S. Nistingen	88
Setrene på Nordre Nistingen	Nordre Nistingen	94
Allmenningsbruket Flåten	Flåten	336
Trælviksetervegen, «gå gjennom Nordherad»	Trælvikje	364
«Midtli – turstigar»	P-plass Midtli grendahus	368
Manglar informasjon (grendahusinformasjon?)	Midtli grendahus	367
Slagghaugen og jarnblestring	Ved slagghaugen	243
Skålgroper og Tingsvaslettin	Ved Kvarberg	461
«Velkommen til Nasjonalparkriket», «Nordherad – ei levande grend», «ulvestugu og Ulvestigen», «tomt frå folkevandringstid» og «Valbjør gard».	P-plass Valbjør	24
Foto med namn på fjella ein har utsikt til.	Hågåranden	78
Foto med namn på fjella ein har utsikt til.	Klevahaugen	239
Smørsteinen (tradisjon)	Smørsteinen	479
Info om Hummelgarden, humledyrking og ølbryggjing, den gamle grendavegen i området, busetting i Hummelgarden, garden Fellese og korndyrking, vatning og vatningsveiter.	Ved Hummelgarden sørvest for Fellese, rett på sørsida av bilvegen i nedre Nordherad.	Omtrentleg plassering i kart, område 13.

Tabellen viser tema og informasjon formidla på informasjonstavler i Nordherad.

Dei nemnte temaene frå skilta i Nordherad er interessante og relevante tema, og mykje av det kan ein bygge vidare på ved ei oppgradering. Det er stor variasjon i temaene som dekkjer fleire sider ved kulturhistoria og naturbruk i Nordherad. Det er likevel ei overvekt på husmannsplassar og kulturhistorie i utmarksområda, og det er til dømes lite informasjon om storgardar og kulturminne knytt til jordbruket i innmarka.

Formidlinga på skilta i Nordherad er i hovudsak «punktvis» - dei forklarar ikkje så mykje dei større samanhengane i landskapet, som kan vere fint å formidle i eit kulturlandskap. Til dømes samanhengar mellom driftsformer, landskap og busetting.

6.2 Tre kjerneområde for formidlinga av Nordherad. Nokre vurderingar av formidlingspotensialet av kunnskapen om Nordherad ved turstigane.

Grovt sett kan ein seie at det er tre kjerneområde for formidlinga av Nordherad i forhold til natur- og kulturminneverdiar, som også i store trekk fylgjer den gamle struktureringa og bruken av landskapet i Nordherad. I dette perspektivet er utgangspunktet i jordbrukslandskapet dei historisk kjende, eldste gardane i Nordherad i austre del av grenda med ressursområde nordover, vestover og i sør (Vågåvatnet), det vil seie innmark, utmark og allmenningar. Dette er også ein karakteristisk og grunnleggande struktur for jordbrukslandskapet ein bør formidle på skilt i kulturlandskapet, og gjerne vise med kart/illustrasjonar.

Nedanfor blir det gjeve korte oversikter over status for vesentleg kunnskap om kulturhistorie og biologisk mangfald i forhold til turstigane innanfor desse tre kjerneområda. Mykje er likevel ikkje teke med på grunn av rammane til rapporten, og ein viser til dei ulike rapportane utarbeidd om området.

Det er i det fylgjande ikkje gjort vurderingar av eventuelle sårbare kulturminne/biologisk mangfald, hensyn til arealbruk og liknande. Dette er vurderingar som bør gjerast av ansvarleg fagmyndigheit/aktørar dersom endringar/oppgraderingar av eksisterande skilting eller nærare skilting og tilrettelegging blir aktuelt. Formidlingsverdi er heller ikkje vurdert. Oversiktene viser potensialet områda har, og som ein i fleire tilfelle kan nytte til å supplere og oppgradere formidlinga av Nordherad.

Dersom ein ynskjer å gå grundig inn i analyser av kulturmiljøa i Nordherad og utviklingspotensialet, og vil at dette skal ligge til grunn for ei oppgradering av formidlinga av området, kan ein vurdere å bruke ei utvikla metode for dette – såkalla DIVE-analyse. Skildring av metoden finn ein på nettstaden til Norsk institutt for kulturminneforsking (NIKU), niku.no. Fylgjande sentrale spørsmål frå metoden er henta frå der:

«D – describe (beskrive). Historiske karakter. Hva forteller dagens landskap og miljø om analyseområdets opprinnelse, utvikling og karakter?


I - interpret (tolke). Historisk betydning. Hvorfor har enkelte elementer og karaktertrekk i analyseområdet hatt spesiell samfunnsmessig betydning?

V - valuate (vurdere). Hvilke historiske elementer og karaktertrekk har spesiell verdi, kan de utvikles og hvor går grensene for hva de tåler?

E - enable (aktivere). Hvordan kan stedets prioriterte, historiske karaktertrekk og ressurser forvaltes og utvikles?»

Spørsmåla er uansett relevante å ta med seg i det vidare arbeidet.

6.2.1 Innmark og storgardar - området (Ullinsvin, Jutulporten) Kvarberg/Lye – Senda/Sandnes



Turstigar i området Ullinsvin – Kvarberg/Lye med oversikt over registrerte, faste kulturminne i Askeladdendatabasen – freda bygningar og arkeologiske kulturminne. Arkeologiske lausfunn av gjenstandar er ikkje markert med tekst i kartet.

Området kan definerast nærare til å innehalde dei større gardane med innmark og tilhøyrande og nærliggande utmarksområde inkludert beite- og skogsområde (heimrast). Her er det også størst hyppigheit på registrerte arkeologiske kulturminne knytt til busetting, jordbruk, industri og tradisjon.


Det er eit stort antal freda bygningar og andre verneverdige bygningar i området. Verneverdige bygningar er ikkje teke med i oversiktene her, men det finst samla oversikter i rapportane *Kulturminner i Nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Nordherad, Vågå i Oppland* (Hage 2004) og *Kulturminner i Nordherad* (Raastad 2005). Den sist nemnte rapporten gjev også ei oversikt over andre verneverdige kulturminne i grenda.




Uppigard og Nigard Kvarberg er to tun tett i tett med mange freda bygningar. Vågå historielag sitt fotoarkiv. Eigar: Asbjørn Kvarberg.

Lite er formidla om storgardane og freda bygningar i grenda, som er ein vesentleg del av kulturhistoria i Nordherad. Nordherad har den tettaste samlinga av freda landbruksbygningar i Noreg. I alt er det 38 freda bygningar fordelt på seks gardstun (Fylkesmannen i Oppland 2017:4-7).

Den sentrale stigen Langruta og andre turstigar går innom denne delen av Nordherad.



Turstigar i området Kvarberg – Valbjør/Byre med oversikt over registrerte, faste kulturminne i Askeladdendatabasen – freda bygningar og arkeologiske kulturminne. Arkeologiske lausfunn av gjenstandar er ikkje markert med tekst i kartet.



Turstigar i området Valbjør - Visdal med oversikt over registrerte, faste kulturminne i Askeladdendatabasen – freda bygningar og arkeologiske kulturminne. Arkeologiske lausfunn av gjenstandar er ikkje markert med tekst i kartet. Kartet viser også naturreservata Sandehorten og Vistehorten.

Innanfor området er det også dokumentert stor tidsdybde på eldre aktivitet i området gjennom pollenanalyser ved Lindalsbekken sør for Kvarberg. Menneskeleg aktivitet er påvist i perioden 5400 – 3000 BP (Høeg 2014:8-20), altså i løpet av yngre steinalder (4000 – 1800 f.Kr.). Sikre spor etter jordbruk er synleg i pollenanalysene fyrst ved 1700 BP (ibid.), i yngre romartid (200 – 400 E.Kr.). Det kan vere spor etter husdyrhald i perioden 3000 – 1700 BP (ibid.), som er i løpet av bronsealderen og eldre jarnalder (1800 – 500 f.Kr., 500 f.Kr. – 500 e.Kr.).


Tidsdybda er også dokumentert gjennom gjenstandsfunn frå steinalderen. Fotoet under viser funn frå Rydland, men det er også gjort steinalderfunn andre stader i grenda. Teigum (2001:73-76) har opplysningar om funn av steinøkser på Nordgard Viste og på Ulsbu.

Også skålgropene kan ha stor tidsdybde, dei er kjend saman med jordbruksristningar frå bronsealderen i andre område og er knytt til kulturlandskapet. Dei er likevel vanskelege å datere (Vogt 2013:18-23).



Funn C56981 øks, flekke og pilspiss frå åkrane på Rydland i Øvre Nordherad. Funna er gjort på 1920-talet ved nyrydding og jordarbeid, og dei kan daterast til yngre steinalder (4000 – 1800 f. Kr.). Øksa av bergart og pilspissen av skifer kan plasserast til midtre del av perioden, 2800 – 2400 f.Kr. Flekka er av flint (Gjenstandsdatabasen unimus.no). Foto: Ellen C. Holte. Kulturhistorisk museum, UiO.

Eit viktig kulturminne knytt til jordbruket er Resvollgeilen, opprinneleg ei fegate for husdyr, og som nå er brukt som ein del av turstigen frå punktet GPS-nummer 462 ved Resvoll til ca. punktet GPS-nummer 495 i beitemarka (sjå kart nedanfor, eller kart over område 10 i vedleggsdelen). Kulturminnet er ikkje nærare registrert, men er eit viktig jordbruksminne og opplevelsrikt kulturminne der besøkande sjølve kan gå i geilen og oppleve kulturminnet til og frå innmark og utmark. Kulturminnet er ikkje skilta med informasjonstavle. Kanskje ein kan finne geilen på gamle kart, somkan vise korleis den har fungert i forhold til fjøs, innmark og utmark?



Ein viktig del av jordbrukslandskapet aust i Nordherad med geil, steinalderfunn, skålgropfelt og jordbruksaktivitet påvist gjennom polleanalyser. Eit formidlingspotensial som kan nyttast betre i forhold til turstigane? Turstigane går gjennom eit fint beiteområde.



Resvollgeilen i nysnø og sett mot nord. Foto: Kjersti Tidemansen.

Ein viktig innfallsport til Nordherad i aust frå Vågåmo sentrum/Ullinsvin – Jutulporten er Kustigen og Likvegen, gamle ferdselsvegar som turstigane går etter. Kustigen tek av frå fylkesvegen ved GPS-punkt nummer 2 i område 1 på vedlagte kart. Ein passerer Jutulporten på veg til Kustigen. Det er også mogleg å gå Hølvegen frå sentrum/ved Ullinsvin, og kome inn på Likvegen ca. ved GPS-punkt nummer 72 i område 1 på vedlagte kart.


Likvegen er ein gamal ferdselsveg mellom Kvarberg i Nordherad og Ullinsvin/sentrum i Vågåmo. Oppland fylkeskommune har vurdert at vegen kan ha betydeleg alder (Grøtberg 2009). Vegen ser ikkje ut til å ligge i Askeladdendatabasen. Det er ikkje gjort nokon nærare vurderingar av Kustigen, og den er heller ikkje registrert. Ferdselsvegane er skilta, men det finst ingen informasjon om kulturminna. Generelt er få gamle ferdselsvegar registrert i Nordherad, og det er nok verd å grave litt i historia til dei gamle vegane til dømes ved å bruke historiske kart, arkivkjelder og det store stadnamnmaterialet frå Vågå som inneheld ein del opplysningar om ferdselsvegar i Nordherad.

I eit kulturlandskap er det viktig å formidle samanhengane mellom kulturhistorie og naturbruk. I nærleiken av gardstuna og innmarka finn ein to viktige lokalitetar for biologisk mangfald og naturverdiar, Sandehorten naturreservat og Vistehorten naturreservat. Desse vart oppretta for å ta vare på ekstremtørr kalkfuruskog med sjeldne lavartar (Fylkesmannnen i Oppland 2017:6). Ein sentral turstig, Langruta, går gjennom Vistehorten. Det er ikkje noko formidling på staden av naturreservatet.



Ein kvileplass og utsiktsplass ved turstigen gjennom Vistehorten naturreservat. Foto: Kjersti Tidemansen.


6.2.2 Inn i utmarka - området vest for elva Senda – Sveum (dels innanfor Nordherad bygdeallmenning).



Turstigar i området ca. frå elva Senda til Sveum med oversikt over registrerte, faste kulturminne i Askeladdendatabasen – automatisk freda arkeologiske kulturminne. Kulturstigen Ulvestigen og Langruta går gjennom området. Det er fleire verneverdige bygningar og andre kulturminne i området som ikkje er markert i kartet.

I dette området av Nordherad er ein i den vestre utkanten av den eldste og historisk kjende gardsbusettinga, i overgangen til utmarksområda. Nordherad bygdeallmenning går også dels innanfor området. Ein finn spor etter utmarksaktivitetar nær busettinga i form av ei ulvegrav eller ulvestugu på Aabakken og eit jarnvinneanlegg sør for Midtli. Ulvestugua er eit sjeldan kulturminne i dag, den er eit sentralt kulturminne i Nordherad med ei spennande historie om, for oss som lever i dag, kanskje eit eksotisk dyr. Ulvegrava har gjeve namnet til Ulvestigen.

Vassveiter er viktige og karakteristiske kulturminne i det tørre klimaet for heile gardsområdet i Nordherad, jamvel heile Ottadalen/delar av Nord-Gudbrandsdalen. Vatnarvatnet til åkrane i Nordherad er henta frå bekkar, elver og vatn i høgfjellet nord for grenda, i liene ned mot busettinga og nedi grenda. Ein finn fleire vassveiter i denne delen av Nordherad, som også er formidla. Ein kan gjerne bruke foto, kart og illustrasjonar for å formidle desse kulturminna. Det kan gjere det enklare å skape forståing for desse intrikate systema.



Vatningskulturen i Nordherad og Ottadalen/Nord-Gudbrandsdalen er karakteristisk og viktig kulturarv, og den er eit viktig element i kulturlandskapa. Kartet viser kartlagte vassveiter i Nordherad. Henta frå www.nordherad.no


Behovet for vatning av åkrane i Nordherad har også gjeve opphav til produksjon av vasspreiarar, eit stykke lokal og moderne industrihistorie. Nils Valde starta produksjon på 1920-talet, og Erland Grev i 1938 med verkstad på garden. Spreiarane vart kalla Valdespreiaren og Grev-vatnar. I Grev var det produsert om lag 100 spreiarar i året, og det var produksjon til 1968 (Teigum 2014:169 – 184).



Dette skal vere fyrste vatnaren i Nordherad, på jordet til Sygard Valde truleg på 1920-talet. Vistegardane i bakgrunnen (Hårstad, Raastad m.fl. 2014). Fotoarkivet til Vågå historielag. Eigar: Ola N. Valde.

I dette området kjem ein også inn i ein annan viktig del av busettings – og sosialhistoria i Nordherad. Mellom anna på grunn av auke i folketalet frå 1700-talet, ekspanderte busettingane til meir marginale område i bygdene. Det er også nå at husmannsklassa veks fram (Teigum 2004:158-175). I Nordherad ser ein det med dei mindre bruka ut mot beite- og skogsområde vest for den gamle busettinga aust i grenda. Bruka i bygdeallmenningen er bygselbruk. At bruka i allmenningen vart bygsla vil seie at ein fekk feste tomt i allmenningen, og at ein betalde festeavgift for plassen sin til dei bruksberettiga bøndene i allmenningen (Raastad 2004:46-57; Imsen og Winge 1999:13-69). Som bygselbrukar stod ein sannsynlegvis friare enn husmennene, sjølv om bruka i allmenningen ikkje var skuldsatte og sjølvstendige. Ein hadde ikkje som husmennene husmannskontrakter på plassar i innmarka eller utmarka under ein matrikulert gard, og ein hadde til dømes heller ikkje arbeidsplikt på hovudbruka. Bygslarane i allmenninga hadde allmenningsrettar til hustømmer og ved til brensel, dette hadde ikkje husmennene. Bygslarane kunne seinare få skuldsatt bruka sine, og dermed bli rekna som sjølvstendige bruk (Teigum 2004:159-175; Imsen og Winge 1999:165-166).

Raastad (2004:46-57) nemner desse bruka innanfor Nordherad bygdaallmenning: Søre Ulsanden, Vetleseter, Høgberget, Midtli, Nordre Vetlehagen, Arnestugu, Ulsbustugu, Stordalen, Gjelbakken. På fleire av bruka finst verneverdige bygningar.



Kartet syner nokre av allmenningsbruka i Nordherad bygdeallmenning.









Bruk i Nordherad bygdaallmenning. Øvst frå Vetleseter, skiltet er GPS-nummer 81 ved Arnestugu i område 4 på karta i vedleggsdelen. Dei neste bileta er frå Ulsbustugu der bygningane står til nedfalls. Foto: Kjersti Tidemansen.


6.2.3 I kongen sin skog – området Grovi/Sveum – Trælvikje (Nordherad stats-allmenning)

Lengst vest i Nordherad ligg Nordherad statsallmenning. Området er altså enda meir marginalt i forhold til den sentrale busettinga og aktiviteten aust i bygda, og også her har ein den særeigne historia om allmenningsbruk som er nemnt ovanfor i Nordherad bygdeallmenning. I statsallmenningen var det kongen som eigar som skulle ha inntektene av festeavgiftene frå

allmenningsbruka, ei utvikling som styresmaktene såg positivt på sidan det kunne auke inntektene til statskassa. Tilhøva skapte ofte interessemotsetnadar mellom nybyggjarane og bøndene på eine sida, og styresmaktene på den andre. Det gjaldt bruken av skogen, utmarka, og grensegangar mellom setrer og den faste busettinga i allmenninga (Teigum 2004:171-172). Teigum oppsummerer dette historiske tilhøvet på ein god måte når han skriv at *«kjernen i saka var rett og hevd mot levemåte for ein ny generasjon»* (ibid.: 172).

I Nordherad statsallmenning var det i 1801 to matrikulerte bruk, Grev og Trælvikje, og tre umatrikulerte bruk – Ulsanden, Sandvika og Kolgrova (ibid.:175). Seinare auka antal bruk, og Raastad (2004:3-46) nemner desse bruka i tillegg til dei som alt er nemnt: Nordre og Søre Trolldalen, Storsteinrusten, Tursletten, Kvitulen, Hestulen, Kapteinhagen, Vetlberget, Nebbneset, Næbneshaugen, Søre Næbneshaugen, Heggerusten, Flåten, Langrusten, Sagrusten – Skreppholet, Kattholet, Grevrusten, Øvre og Nedre Kleiven, Tassmyrhaugen, Svastugu, Brustugu, Perstugu, Græske-Karis plass, Ulsandstugu, Grovdalen, Kolgrova er også kjend som Groven, Rustom, Øvre og Nedre Sveum.

Nokre av bruka er borte i dag, mens andre fortsatt er busette eller står tomme. Mange av bygningane er verneverdige. Det er fleire fine og verneverdige ferdselsvegar i området.



Kartet viser nokre av dei nemnte allmenningsbruka i Nordherad statsallmenning. Til dømes plassen Skreppholet er borte i dag, medan Heggerusten er busett. På Flåten har Vågå historielag fått restaurert bygningane, og det er tilrettelagt for besøkande.



På Flåten – ein fin plass i allmenninga. Bruket er restaurert og tilrettelagt for besøkande. Foto: Kjersti Tidemansen.




Det er velhaldne, fine bygningar i Grevrusten. Turstigen går på oversida av bruket. Foto: Kjersti Tidemansen.



Restar etter mur i Kattholet. Foto: Kjersti Tidemansen.

Setrer er ein del av kulturhistoria i allmenningen, og det er setrer både for bruka i allmenningen og gardsbruk aust i grenda på Nordre og Søre Nistingen. Det er registrert nokre gamle tufter på Søre Nistingen, og vest for seterstulen. Tuftene er ikkje formidla.



Turstigar i området ca. frå Grovi til Nordre Nistingen/Heggerusten med oversikt over registrerte, faste kulturminne i Askeladdendatabasen. Kulturstigen Ulvestigen og Langruta går gjennom området. Det er fleire verneverdige bygningar og andre kulturminne i området som ikkje er markert i kartet.

Allmenningen er eit vakkert og stille område der tida har stått litt stille. Det er gamal skog og brusande elver og fossar, og stadvis har ein fin utsikt over Vågåvatnet og dalen. Det er mange godt bevarte bygningar, ein går etter gamle ferdselsvegar mellom bruka og mellom bruka og seterområda og historia er spennande. Ein blir nysgjerrig på korleis det var å bu å leve der før i tida, og informasjon om næringsvegar og levekår har vore interessant å formidle.

Ein interessant del av historia i allmenningen er at det har budd ein del dyktige handverkarar og andre kjende personar på nokre av bruka. Raastad (2004:28-38) nemner Knut Olsen Hellelykkja, busett i Øvre Kleiven i 1869. Han er kanskje betre kjend som Knut Vole, fjellførar i Jotunheimen. På Tassmyrhaugen budde Anders Tassmyrhaugen, i ettertida rekna som ein av dei dyktigaste treskjerarane. Han budde også ei stund i Svastugu. På Nordre Ulsand budde treskjeraren Hans Olsen Hellelykkja, kjend som Ulsandsnekkeren. Skraphandlaren og antikvitetshandlaren Trond Eklestugun (Skrap-Trond) var gift med enkja på Søre Ulsand, og budde der.



Trond Eklestugun. Foto: Herman Major Schirmer. Eigar: Riksantikvaren.

6.2.4 Betre tilrettelegging i Nedre Nordherad

Sambandet mellom turstigane i Øvre Nordherad og turstigar/sykkelvegen etter Nedre Nordheradsvegen har til dels vore avgrensa, mellom anna fordi tilrettelegging for besøkjande har kome lengre i øvre grenda i form av til dømes parkeringsplassar og at dei mest sentrale stigane går der. Men det er nå arbeidd opp parkeringsplass og rasteplass ved Grev i Nedre Nordherad. Dette gjev fleire moglegheiter til å gå turrunder der ein betre kan kombinere å gå på turstigane i øvre og nedre del av grenda. Denne tilrettelegginga kjem også nær dei vestre delane av dei sentrale stigane

Langruta og Ulvestigen, og kanskje ein kan sjå på om ein kan legge om ei eller begge desse turstigane til å gå nedom nedre grenda i dette området? Tilretteleggingа gjev også eit godt utgangspunkt til å nå seterområda på Nørdre og Søre Nistingen, det restaurerte allmenningsbruket Flåten og større tilgjengelegheit til Vågåvatnet eventuelt med moglegheiter for fisking, bading, padling. Med denne staden som utgangspunkt kan ein også ta sykkelen (eller føtene) fatt og til dømes få ein skikkeleg rundtur etter bilvegane i Nedre og Øvre Nordherad via Vågåmo med sine sjåverdigheiter og sentrumsfunksjonar. Det er også mogleg å gå kortare rundturar ved å til dømes gå opp turstigen til øvre grenda ved Labbesteinen (startpunkt 18 på turkartet) eller ved Lye (startpunkt 24 på turkartet).

Tilretteleggingа opnar også for at det blir meir relevant å formidle kulturlandskapet i Nedre Nordherad, og gjennom at ein ferdast etter ein aust-vest-gåande veg får ein med seg eit tverrsnitt av grenda langs Vågåvatnet. Særskild gjeld dette det opne kulturlandskapet austover i Nedre Nordherad som inneheld freda bygningar på Nordgard Viste og Sygard Valde, ein kyrkjegardslokalitet frå mellomalderen nær vegen ved desse gardane og ein tidlegare embetsmannsgard på Lye (Teigum 2004:285).



Grev ved Vågåvatnet. Vågå historielag sitt fotoarkiv. Eigarar: Pål og Elin Grev.



Frå Sande sett mot Nordigard Valde i Nedre Nordherad. Den gamle bygdavegen gjekk gjennom garden på Sande. Vågå historielag sitt fotoarkiv. Eigar: Knut Raastad.



Den gamle storgarden lengst aust i Nedre Nordherad, Lye, har vore embetsgard (Teigum 2004:285). Nordheradsprosjektet. Vågå historielag sitt fotoarkiv.

6.2.5 Naturverdiar i kulturlandskapet Nordherad

Som nemnt ovanfor er det viktig å formidle samanhengane mellom kulturhistorie og naturbruk i eit kulturlandskap. Dette kan ein også spisse og gjere tydelegare i formidlinga av kulturlandskapet.

All vegetasjon i Nordherad er i større og mindre grad kulturpåverka. Det gjeld både kulturmark og skogen. Den viktigaste naturtypa i Nordherad er naturbeitemark, altså gamal beitemark som er lite bearbeidd og har vore i langvarig hevd. Områda er artsrike og er avhengig av tradisjonell skjøtsel for å overleve. Viktige lokalitetar for dette finn ein i dei bratte skråningane mellom Viste og Brattland og mellom Sveum og Mo (Larsen 2007:8-18). Langruta går dels gjennom skråningane mellom Viste og Brattland.

I samband med beitemarkene kan det vere fint å framheve dei unike kvalitetane i nordeuropeisk samanheng med førekomstar av sjeldne og raudlista lavartar, til dømes *Buellia asterella* som truleg har sin einaste veksestad i Nord-Europa i Nordherad. Lavet Kalkskjold har ein av sine viktigaste førekomstar i Noreg i Nordherad (ibid.:10-33). Ein kan presentere desse artane med foto og tekst på skilt. Det kan ein også gjere med andre artar som tydeleg viser samanhengen mellom menneskeleg aktivitet og naturen, til dømes styvingstre.

7. Vidare arbeid for heilskapleg formidling av Nordherad. Forslag og tilrådingar.

7.1 Bodskapen – kva er kulturlandskapet Nordherad?

Kulturlandskapet Nordherad innheld mange verdiar og forteljingar, men når ein skal arbeide med ei tydelegare formidling og har ei målsetting om at området skal bli eit besøksmål av nasjonal verdi er det viktig å gjere tydeleg det unike og karakteristiske ved området.

Kulturlandskapsverdiane gjev moglegheiter til vidareutvikling av formidling i kulturlandskapet, og ein kan spisse bodskapen om Nordherad og dei unike kvalitetane der. Ut i frå den kartlagte skiltinga og tilrettelegginga i området, vurdering av status for kunnskap sett opp mot dei definerte kulturlandskapsverdiane kan ein sette opp ein plan for det vidare arbeidet med heilskapleg formidling av Nordherad og definere mål for formidlinga ut frå desse. Sjå til dømes forvaltningsplanen for Nordherad for nærare skildringar av kriteria og verdiane som ligg til grunn for at Nordherad har status som utvald kulturlandskap i jordbruket (Fylkesmannen i Oppland 2017), og Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for Naturforvaltning og Riksantikvaren sin rapport om Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og tilråding til Landbruks- og Matdepartementet og Miljøverndepartementet (2008).

7.1.1 Arbeid ut frå bodskapen

Å ha status som eit utvald kulturlandskap i jordbruket er noko å vere stolt av både lokalt og i regionen, samstundes som det er eit ansvar. Ein kan ta utgangspunkt i dei definerte verdiane for kulturlandskapet Nordherad som deltakarane i prosjektet kan samle seg om, forplikte seg til og arbeide ut frå frå sine roller, fag- og ansvarsområde. Arbeidet bør samlast under ein «paraply», og at ein deltakar har det overordna ansvaret med å fylgje opp og koordinere arbeidet. Det er viktig med samordning og heilskap i arbeidet for gjennomføringsevna til prosjektet.

7.2 Mengde skilt og merking. Attkjennbar symbol- og fargebruk.

Ved ei oppgradering av skilt, merking og tilrettelegging kan det samstundes vere lurt å planlegge ei opprydding i dei gamle merka. Målet bør vere ei ryddig tilrettelegging med ein heilskapleg profil der plassering av skilt, informasjonstavler og stigmerking er gjennomtenkt slik at ein effektivt får nytta dei skilta/merkinga ein plasserer i terrenget.

Ein einsarta symbol- og fargebruk på skilt og merking gjer det også lettare for turgåarar å orientere seg, og planlegge turen ut frå eigne føresetnadar. Sjå *Merkehåndboka* (2013) for gode råd. Den skildrar tilrettelegging etter den nasjonale standarden, som brukar symbol og fargar som er attkjennbare for mange.



Symbol for vandrerute, sykkelrute og rasteplass etter nasjonal standard. Henta frå www.merkehandboka.no

7.3 Målgrupper

Kven skal lese skilta? Kor mykje kunnskap har dei? Mykje av informasjonen på skilta i Nordherad er retta mot eit lokalt publikum, til dømes med opplysningar om slekt og lokale stadnamn utan at det blir vist på kart. Informasjonen er ikkje nødvendigvis uinteressant, men den kan vere urelevant eller ekskluderande for ikkje-lokale besøkjande.

7.4 Skilttekster

Kulturlandskapet i Nordherad inneheld mykje spennande historisk, arkeologisk og biologisk informasjon, og det er viktig å formidle stoffet på ein god og forståeleg måte, enkelt og kortfatta. Det bør ikkje vere lange tekster på skilta. Utdjupande informasjon kan ein til dømes legge til digitale ressursar. Det bør vere kart, foto og illustrasjonar til tekstene.

7.4.1 Personlege forteljingar

Det er fint å gje historia eit «andlet», ved å knytte stader mot både kjende og ukjende personar. Det er da viktig å presentere mindre kjende personar som gjer dei relevante også for ikkje-lokale besøkjande.



Personlege forteljingar gjev historia eit andlet. To kjende nordmenn med tilknyting til Nordherad. «(…) Botanikeren Thekla Resvoll og patentfører Knud Olsen Vole på toppen av Galdhøpiggen (…)». Foto: Andreas Holmsen, 1901. Eigar: Nasjonalbiblioteket.



Informasjonstavla ved Kleiven fortel at fjellføraren Knut Vole budde der i 1869. Plakaten er i Nasjonalparkriket sitt design. Foto: Kjersti Tidemansen.

7.5 Tilgjengelegheit til kulturminne og turstigar.

I eit levande kulturlandskap med tilrettelegging for turgåarar må det vere balansegang mellom den normale drifta i området, og tilgjengelegheita til turstigar og sjåverdigheiter. Da bør ein samarbeide om å finne dei rette løysingane for å ivareta begge interessene. Det er også i denne

samanhengen viktig å avklare skilting og bruk av turstigar med aktuelle grunneigarar, slik at det ikkje oppstår problem for arealbruken og hindringar for turgåarar.

Når det gjeld tilgjengelegheit til tilrettelagte kulturminne bør moglegheita for å oppsøkje sjåverdigheita vere lågterskel. Dersom dette ikkje er mogleg å få til av hensyn til arealbruken eller andre hensyn, bør ein heller vurdere om andre kulturminne kan vere lettare å gjere tilgjengelege for publikum.



Straumgjerde satt opp på tvers av Langruta i beiteområde. Sjølv om det går an å hekte av trådane og kome innom gjerdet, er det ikkje alle som veit om at dette går an og mange har kanskje liten lyst til å handtere straumgjerde. Foto: Kjersti Tidemansen.



Informasjonstavle om skålgroper og Tingsvaslettin. Tavla står i vegkanten til Øvre Nordheradsvegen. For å lette tilgangen til kulturminna bør ein vurdere trapp over gjerdet og vegvisar mot kulturminna. Foto: Kjersti Tidemansen.

7.4 Tiltak ved gravhaugen på Valbjør. Opprydding i kulturlandskapet.

På Valbjør ligg ein gravhaug Askeladdenid. 72537 nær tunet. Det er opparbeidd parkeringsplass veldig nær gravhaugen, og også satt opp ei stor informasjonstavle like ved. Dette er uheldig i forhold til kulturminnet, som kjem i skuggen av parkeringsplassen og skiltet. Formelt sett er tiltaket skjemmande på kulturminnet. Ei opprydding bør skje i samarbeid med Kulturarv i Oppland fylkeskommune.



Gravhaug id. 72537 til venstre, parkeringsplassen til høgre. Foto: Kjersti Tidemansen.

Generelt bør det vere ryddige omgjevnadar rundt kulturminne og langs turstigane. Det aukar trivselen for alle og det er også viktig for respekten folk har for kulturminne.

7.5 Forslag til idear om formidling av Nordherad

Formidlinga av kulturarven i Nordherad kan gjerast på mange vis og kan veljast ut frå ressursar, tid og motivasjon. Ein gjennomarbeidd og heilskapleg formidlingsplan bør uansett ligge til grunn, og ein kan arbeide med ei stegvis utvikling av formidlinga av kulturlandskapet Nordherad.

Nokre forslag er satt saman punktvis nedanfor:

- Bruk media, nettstaden til Nordherad og eventuelle sosiale media til å formidle arbeid med prosjektet, anna arbeid som skjøtsel i kulturlandskapet (også dyra – sjølvgåande kulturlandskapspleiarar), restaurering av gamle bygningar osv. Vis at det skjer noko! Presenter resultata av arbeida – det er lov å skryte litt sjølv for beskjedne dølar.
- Hugs at det må vere kapasitet til å fylgje opp sosiale media for å kommunisere med publikum. Ingen respons på spørsmål og kommentarar er uheldig. Kanskje bør ein ha ein kommunikasjonsansvarleg?
- Bruk bilete og film i formidlinga. «Før – undervegs- etter» bilete og film formidlar arbeidsprosessar og resultat på ein god og illustrerande måte. Kva med ein eigen Youtube-kanal?
- Intervju dei som bur i grenda om korleis det er å bu i Nordherad, korleis det er å gå tur der, korleis det er å ha ansvar for eit gamalt hus osv. på film eller med tekst og bilete. Alle aldersgrupper, yrkje osv.

- Lage og presentere forteljingar om historia til Nordherad – tekst og bilete, film, digitale forteljingar. Mykje kan gjerast med mobilen i dag.
- Invitere skuleelevar/lag/foreiningar/politikarar osv. til dugnadsarbeid i kulturlandskapet.
- Inviter reiselivet med på tur i Nordherad, til dømes Nasjonalparkriket. Ein kan like godt reklamere for nærturar i Nordherad, som toppturar i Jotunheimen.
- Inviter media med på tur, til dømes bladet Ute, og få dei til å lage turreportasje frå Nordherad med innlagt fjøsbesøk, dukkert/padling på Vågåvatnet, arbeid i slåttonna, vassvegarbeid osv.
- Informer breitt om arrangement som kan vere relevant for eit større publikum.



Formidle livet i Nordherad før og nå med bilete, tekst og film. Her blir heimkua mjølka. Vågå historielag sitt fotoarkiv. Eigar: Einar Hårstad.

8. Konklusjon og samanfatning

Det er lagt eit solid grunnlag for å vidareutvikle formidlinga av kulturarven i Utvald kulturlandskap i jordbruket i Nordherad. Området er godt etablert som turområde, og til å oppleve kulturlandskapet på staden med skilting og informasjon.

I samband med forprosjektet for heilskapleg formidling av kulturarven i Nordherad er det kartlagt ca. 530 skilt, merking og tilrettelegging langs turstigane i området. Stiggruppa i Nordheradsprosjektet har utført hovuddelen av skiltinga og merkinga med sine eigne typar skilt og merking, «Nordheradsskiltet» og merking med Langrute-trestikker og raudmåla trestikker. Det har vore samarbeid med Nasjonalparkriket om skilting ved Ulvestigen og på to parkeringplassar i området, og det har der vore nytta Nasjonalparkriket sitt design.

Ein bør ta i bruk den grafiske profilen for Utvalde kulturlandskap i jordbruket i Nordherad. Grafisk formgjevar Morten Løwe i Løwehjerte Design, som samarbeider med Gudbrandsdalsmusea, gjere vurderingar av korleis denne kan brukast i Nordherad, døme på skilttypar, kostnadar og så vidare. Han utarbeider ein eigen rapport på dette.

Det finst mykje kunnskap og informasjon om Nordherad som det er forsøkt samla ei oversikt over i samband med dette forprosjektet. Kunnskapen som er formidla på skilt ute i terrenget er vurdert

opp mot denne kunnskapen, og dei viktige verdiane som ligg til grunn for at Nordherad har status som utvald kulturlandskap i jordbruket. Dette bør det arbeidast vidare med. Desse verdiane ligg til grunn for å vidareutvikle formidllinga i området. Det gjeld å spisse bodskapen, finne prioriteringar, supplere og oppdatere den eksisterande formidlinga. Ein gjennomarbeidd plan for formidling bør ligge til grunn for arbeidet, som bør skildre alle tiltak rundt formidlinga.

Vedlegg

Tabell over kartlagte skilt og tilrettelegging i Nordherad (102 s.)

Kart over innmålte skilt og tilrettelegging (35 stk.)

Bibliografi for Nordherad

Bergverksrapport Gudbrandsdalsmusea v/Kjell Voldheim

Litteraturliste

Den norske Turistforening, Friluftsrådenes landsforbund, Innovasjon Norge 2013: *Merkehåndboka.* Web: http://www.merkehandboka.no/merkehandboka/ (sist besøkt 17.04.2018)

Fylkesmannen i Oppland 21.02. 2014: «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket». Web: https://www.fylkesmannen.no/nb/Oppland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak-i-jordbruket/Kulturlandskap/Nordherad---utvalgt-kulturlandskap-i-jordbruket/ (sist besøkt 14.04.2018).

Fylkesmannen i Oppland, Landbruksavdelinga 2017: *Forvaltningsplan for Nordherad – utvald kulturlandskap i jordbruket.* Fylkesmannen i Oppland.

Grøtberg, Unni Tveiten 2009: *Befaringsrapport, arkeologisk registrering i forbindelse med utbygging av et boligområde på Kvarbergåsen gnr. 71 bnr. 1, Vågå kommune.* Oppland fylkeskommune, upublisert rapport.

Hage, Hallstein 2004: Kulturminner i Nasjonalt verdifulle kulturlandskap. Nordherad, Vågå i Oppland. *Kulturhistorisk rapport nr. 4 – 2004.* Oppland fylkeskommune, kulturvern. Web: https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMOP/Landbruk/Miljøtiltak/Utvalgte%20kulturlandskap/Kulturminnerapport%202004%20Nordherad.pdf (sist besøkt 13.04.2018).

Høeg, Helge Irgens 2014: *Pollenanalytiske undersøkelser i Vågå og kommunene rundt.* Web: http://www.nordherad.no/images/PDF/Pollenanalyse/Pollenanalyse2.pdf (sist besøkt 13.04.2018)

Hårstad, Einar, Raastad, Knut m.fl. 2014: *Utvalde kulturlandskap i jordbruket. Nordherad. Refotografering.* Nordheradsprosjektet.

Imsen, Steinar og Winge, Harald 1999: *Norsk historisk leksikon.* Cappelen akademisk forlag.

Larsen, B.H. 2007: *Naturverdier i nasjonalt viktige kulturlandskap. Nordherad i Vågå kommune, Oppland.* Miljøfaglig utredning AS. Web: https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMOP/Landbruk/Miljøtiltak/Utvalgte%20kulturlandskap/Naturverdier%20rapport%20Nordherad%202008.pdf (sist besøkt 13.04.2018)

NIKU (utan dato): «DIVE-analyse». Web: http://portal-cl1.idium.no/niku.no/no/by_og_samfunn/dive-analyse/ (sist besøkt 27.04.18).

Oppland fylkeskommune 2015: *Kulturarvstrategi for Oppland 2015 – 2020.* Web: https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?MId1=1818&FilId=616 (sist besøkt 17.04.2018)

Oppland fylkeskommune 2016: *Regional planstrategi 20116-2020 – Mulighetenes Oppland i ei grønn framtid.* Web: https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?MId1=12&FilId=4126 (sist besøkt 17.04.2018)

Raastad, Knut 2004: *Busetjing i almenninga i Nordherad.* Upublisert rapport.

Statens landbruksforvaltning, Direktoratet for Naturforvaltning, Riksantikvaren 2008: *Utvalgte kulturlandskap i jordbruket. Tilråding til Landbruks- og Matdepartementet og Miljøverndepartementet.* Web: https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap#publikasjoner-og-nyhetsbrev (sist besøkt 14.04.2018)

Teigum, Ivar 2001: *Bygdebok for Vågå og Sel band 1.* Sel kommune, Vågå kommune.

2004: *Bygdebok for Vågå og Sel band 2.* Sel kommune, Vågå kommune.

2014: *Utvegar til vatn.* Gudbrandsdalsmusea.

Verdifulle kulturlandskap i Norge. Utvalget 1994. Web: http://www.miljodirektoratet.no/old/dirnat/attachment/527/Binder1.pdf (Sist besøkt 14.04.2018)

Vogt, David 2013: Skålgroper på setervanger. I: Vogt, David, Kjetil Skare og Mildrid Een Eide (red.): *Helleristninger fra Hedmark og Oppland.* Riksantikvaren, UiO Kulturhistorisk museum, Hedmark fylkeskommune og Oppland fylkeskommune.

Voldheim, Kjell 2017: *Bergverksminner i Nordherad. Vågå.* Gudbrandsdalsmusea. Upublisert rapport.

Digitale ressursar

Kartverket: www.seeiendom.no

Nasjonalbiblioteket: www.bokhylla.no

Nordheradsprosjektet: www.nordherad.no

Riksantikvaren: Askeladden – nasjonal database for kulturminne. https://askeladden.ra.no

Riksantikvaren: Kulturminnebilder. https://kulturminnebilder.ra.no

Universitetsmusea sin samlingsportal: Arkeologisøk. www.unimus.no

Vågå historielag: http://www.vaagaa-historielag.org/

Andre kjelder

Stiggruppa i Nordheradsprosjektet ved Bjørg Schultz – informasjon pr. e-post.